



Yngst i Unge Røyster ikveld: Ådne Hjelmeland frå Omvikdalen, som er 3

**Bedehuset har fleire tilbod og eitt av dei er Uskedalen Unge Røyster som treff kvarandre i kjellaren annakvar måndag i oddetalsveker frå klokka 17 til 18.30.**

**No er det 37 år sidan Tormod Myklebust fekk igang røystene som eit kor. Det er det ikkje lenger, no er det eit barnelag.**

**Det har deltaking frå 3 bygder. Leiarane Jan og Linda Tvedt bur i Herøysund og det er også unge og eldre frå Omvikdalen. Jan fortel at det no er starta eit nytt lag i Herøysund, førebels med rundt 20 deltakarar.**

I Uskedalen er det no vanlegvis rundt 10 ungar som kjem og leiarane ynskjer større oppslutnad utan at dei har oppskrifta på det.

Dei fortel at det frå starten i 1976 var nærmast utruleg mange med i 'røystene'. Det var faktisk rundt 100 og flokken måtte delast i 2. Sidan gjekk talet attende og då det vart barnelag for 27 år sidan var det rundt 40.

Programmet for laget i Uskedalen inneheld song, andakt og hobbyinnslag og slik var det og då uskedalen.no ikveld var fluge på veggen i kjellaren. Det vart sunge enkle songar og Asgeir Hjelmeland frå Omvikdalen fortalde om Jesus og den lamme mannen som fekk

tilgjve syndene sine og reiste seg og gjekk. Så var det teikne- og matøkt. Denne gongen var det 8 ungar mellom 3 og 10 år og 5 vaksne.

- Det viktigaste er at vi fortel om Jesus, seier Jan Tvedt som også minnar om eit høgdepunkt i året: Opphaldet på Misjonssambandets leirstad i Sveio som neste år skal gå føre seg i januar.og som plar å ha rundt 20 deltakarar frå våre trakter.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



- Jesus er min aller beste venn, syng dei unge og litt eldre røystene